



# KARANTENENEMNDA

---

Knut Aastad Bråten

Vår dato	Deres dato	Vår referanse
26.06.2020	17.06.2020	2020/31

## Vedtak i samband med overgang til verv som utvalsmedlem i Statens kunstnarstipend - folkekunstkomiteen

Vi viser til di melding til Karantenenemnda datert 17. juni 2020.

### Vedtak

Karantenenemnda har gjort vedtak om at du ikkje skal ha karantene eller saksforbod i samband med overgang frå embete som statssekretær i Kulturdepartementet (KUD) til verv som utvalsmedlem i Statens kunstnarstipend - folkekunstkomiteen.

### Rettsleg grunnlag

Karantenenemnda kan gje pålegg om at ein politiker eller tidlegare politiker i eit departement vert ilagt karantene i inntil seks månader etter fråtrede frå den politiske stillinga eller embetet. Sjå lov 19. juni 2015 nr. 70 om informasjonsplikt, karantene og saksforbod for politikere, embetsmenn og statsansatte (karantene-loven) § 6, som har denne ordlyden:

"Karantenenemnda kan, ved overgang til stilling eller verv utenfor statsforvaltningen eller etablering av næringsvirksomhet, i særlege tilfeller ilegge en politiker karantene i inntil seks måneder etter fratreden når

- det foreligger en konkret forbindelse mellom politikerens tidligere ansvarsområder, arbeidsoppgaver i den politiske stillingen eller bestemte saker som var til behandling i departementet i politikerens funksjonstid, og interessene til den virksomheten politikerens blir tilknyttet eller etablerer, eller
- politikerens tidligere ansvar og arbeidsoppgaver har gitt eller kan gi virksomheten politikerens blir tilknyttet eller etablerer, særlege fordeler, eller
- overgangen på annen måte kan være egnet til å svekke tilliten til forvaltningen generelt."

På same vilkår kan Karantenenemnda gje pålegg om saksforbod i tillegg til, eller i staden for, karantene, jf. karantene-lova § 7. Saksforbod kan påleggjast i inntil tolv månader etter fråtrede. Dersom det ligg føre særleg tungtvegande årsaker, kan det påleggjast eit saksforbod i inntil tolv månader etter fråtrede, i tillegg til ein karantene på inntil seks månader.

### **Saksforholdet**

Du har vore statssekretær i Kulturdepartementet frå 24. januar 2020 til 7. mai 2020 der du hadde ansvar for alle område innan kultur, idrett, frivilligheit og likestilling.

Du skal starte som utvalsmedlem i Statens kunstnarstipend - folkekunstkomiteen frå 1. januar 2021, der du har vore utvalsmedlem tidligare. Statens kunstnarstipend er ei stipendordning etablert under Kulturrådet. Stipendordninga skal leggje til rette for at enkeltkunstnarar, gjennom å motta direkte tilskot frå staten, skal kunne bidra til eit mangfaldig og nyskapande kunstliv. Stipendordninga har egne komitear, som handsamar søknadar for ulike kunstnargrupper. Folkekunstkomiteen er eit eige utval med egne utvalsmedlemmer.

### **Karantenenemnda si vurdering**

Karantenenemnda har vurdert om overgangen er eit særleg tilfelle som grunnjev karantene og saksforbod, og har komme fram til at dette vilkåret ikkje er til stades. Karantenenemnda har lagt vekt på at det vil gå over sju månader frå du slutta i embetet til du skal starte som utvalsmedlem. Det tidsmessige skillet som desse sju månadene utgjer bidreg til å skape den nødvendige avstanden i tid mellom embetet som statssekretær og vervet som utvalsmedlem. Denne avstanden i tid, og det at du òg var statssekretær i kort tid, medverkar til å oppretthalde tilliten til forvaltninga og det politiske systemet.

### **Retten til innsyn mv.**

Etter forvaltningslova § 18 jf. § 19 har du rett til å sjå dokumenta i saka.

Informasjonsplikta etter karantenelova § 5 gjeld i eit år etter fråtrede frå det politiske embetet eller den politiske stillinga.

Med helsing

Reidun Slåen (e.f.)

Tone Engebretsen

*Vedtaket frå Karantenenemnda er godkjent elektronisk og inneheld ikkje signatur.*

Kopi:  
Statsministerens kontor  
Kulturdepartementet  
Statens kunstnarstipend – folkekunstkomiteen